

## MØTEPROTOKOLL

--

Råd	Møtedato	Tidspunkt
Herdla sokneråd		
Sak frå : 27 / 2018 Sak til: 37 / 2018	Onsdag 4 april 2018	<u>Møtestad:</u> Herdla kyrkjelydshus.

Frammøtte: 7 av 7 medlemmer.

Til stades

**Medlemer:**

Kjellaug Fauskanger Eidsaa , Kjell Berland, Ivar Eidsaa, Solfrid Kongshaug Aase, Einy Daviknes, Astrid Marie Haugland og Reidun Håpoldøy.

**Varamedlem:**

**Meldte forfall:**

Andre frammøtte:

**Sak / år:**

**27/2018: Møteprotokoll frå møte 4 mars vart godkjent.**

**28/ 2018: Meldingar:** Får mange tidskrifter.

Vedtak: Vi kjøper stativ i kyrkjelydshuset til å ha dei i.

**29/ 2018: Gudstenesteliste:**

18/03: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Dåp. Offer: Eige arbeid. Tårnagenthelg. Familiegudsteneste. Ansvarleg: Team 2.

**21/03: kl.17.00: Gudsteneste på Fromreide eldresenter. Nattverd. Kaffi frå kl.16.30.**

29/03: **kl.18.00:** Gudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Nattverd. Offer: Kirkens bymisjon. Skjærtorsdag m / kvelds i kyrkjelydshuset etterpå. Ansvarleg: Dei som kan frå teama

01/04: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Dåp. Offer: Eige arbeid. 1 påskedag. Ansvarleg: Team 3.

.....  
15/04: kl.19.00: Gudsteneste G19 v/Ingrid M Petersen. Nattverd. Offer: Ungdomsarbeidet i Askøy's misj.prosjekt. Ansvarleg: Team 4.

**18/04: kl.17.00: Gudsteneste på Fromreide eldresenter. Nattverd. Kaffi frå kl.16.30.**

29/04: kl.11.00:Hovudgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Dåp. Offer: Mercy Ships. Ansvarleg: Team 1. Årsmøte etter gudstenesta.

**30/ 2018 :Evaluering og førebuing av gudstenestene.**

15/04: Gudsteneste med ungdom. Teamet lagar til kyrkjekaffi etter gudstenesta.

29/04: Årsmelding og regnskap vert lagt fram.

**31/2018: Menighetspedagog Bergliot Gjedrem fortel om arbeidet sitt i kyrkja, særleg i Herdla:**

Bergliot var med på møtet så vi kunne bli betre kjent med henne. Vi fekk høyra om arbeidet ho driv og planane framover. Ynskje her er å finna treffpunkt for barn og verte kjent med dei og det dei er/vil vere med på. . Ho vil vere med på barnekoret nokre gonger. Bergliot deltok på tårnagenthelga og er med juniorkonfirmantane når dei skal i kyrkja.

**32/2018: Høringsbrev om hovudgudstenesta.**

Vi gjekk gjennom høringsbrevet og fann fleire punkt som vi ynskjer å kommentere. Det vert laga eit skriv som vert sendt inn. Frist 10 april.

**33/2018: Pilgrimsrute :**

Utsatt.

**34/2018: Budsjett for 2018:**

Vi gjekk gjennom regnskapet og sette opp budsjett for 2018.

**35/2018: Medarbeidarfesten 2018:**

Den vart avlyst pga. få påmeldte.

**36/2018: Evaluering av fasteaksjonen 20 mars:**

Det vart eit godt resultat for Herdla. Det gjekk greitt med gjennomføringa, foreldre og andre hjelpte til med køyring. Litt utfordrande å nå fram med informasjon til konfirmantane om møteplass og innsamlingsområde. God hjelp med teljemaskina til oppteljinga i kyrkjelydshuset.

**37/ 2018: Eventuelt:**

Fekk meir informasjon om det som skal skje på Sjøvegs kyrkjereis dagen 2 september.

**Neste møte vert onsdag 2 mai kl. 19.30**

Håpolden, 20 april 2018.

*Reidun Håpoldøy.*

Referent.